



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/24	Utvalet for oppvekst og kultur	17.04.2024
064/24	Formannskapet	19.04.2024
035/24	Kommunestyret	25.04.2024

Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen

Vedtak i Kommunestyret 25.04.2024:

Kunnskapsgrunnlaget vert tatt til vitande. Kommunedirektøren bil beden om å komme tilbake med ei sak som syner potensielle tiltak, både når det gjeld driftsmessige forhold, ressursfordeling og struktur, som kan vere aktuelle å setje i verk for å møte framtidig innsparing og omstilling. Det skal utarbeidast ei konsekvensvurdering av økonomi og kvalitet, knyt til desse tiltaka. Tiltaka skal vere forankra i kunnskapsgrunnlaget.

Potensielle tiltak blir sett i samanheng med prosjektet Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen. Ny skulebruksplan og barnehageplan skal ha felles framdriftsplan og parallelle høyringsrundar.

Kommunedirektøren kjem tilbake med ein planprosess som syner kva tiltak som skal greiast ut og konsekvensvurderast.

Innstilling frå Formannskapet 19.04.2024:

Kunnskapsgrunnlaget vert tatt til vitande. Kommunedirektøren bil beden om å komme tilbake med ei sak som syner potensielle tiltak, både når det gjeld driftsmessige forhold, ressursfordeling og struktur, som kan vere aktuelle å setje i verk for å møte framtidig innsparing og omstilling. Det skal utarbeidast ei konsekvensvurdering av økonomi og kvalitet, knyt til desse tiltaka. Tiltaka skal vere forankra i kunnskapsgrunnlaget.

Potensielle tiltak blir sett i samanheng med prosjektet Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen. Ny skulebruksplan og barnehageplan skal ha felles framdriftsplan og parallelle høyringsrundar.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kunnskapsgrunnlaget vert tatt til vitande. Kommunedirektøren bil beden om å komme tilbake med ei sak som syner potensielle tiltak, både når det gjeld driftsmessige forhold, ressursfordeling og struktur, som kan vere aktuelle å setje i verk for å møte framtidig innsparing og omstilling. Det skal utarbeidast ei konsekvensvurdering av økonomi og kvalitet, knyt til desse tiltaka. Tiltaka skal vere forankra i kunnskapsgrunnlaget.

Kommunedirektøren kjem tilbake før sommaren med ein planprosess som syner kva tiltak som skal greiast ut og konsekvensvurderast.

Bakgrunn for saka

Formannskapet vedtok i sak 198/23 å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag med tittelen "Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen". Hovudmålet var å få eit detaljert bilete av situasjonen i Sunnfjordskulen med tanke på økonomi og kvalitet. Kunnskapsgrunnlaget skulle gje ein oppdatert innsikt i noverande og framtida situasjon, basert på relevante data, for å underbygge vidare beslutningar om innsparingar og omstillingar innan skulesektoren.

Saksutgreiing

Kunnskapsgrunnlaget er utarbeidd gjennom ein prosess som inkluderer brei medverknad, inkludert besøk på kvar enkelt skule, møter med tilsette og FAU og innspel frå ulike interessentar, m.a. ungdomsrådet.

Kunnskapsgrunnlaget legg til grunn tenesteanalysene som nyleg er utført for Sunnfjord kommune, både som heilskap og for den enkelte sektor. I tillegg er det innhenta offentleg statistikk om nøkkeltal og demografi om Sunnfjord kommune, kommunar i same KOSTRA-gruppe samt kommunane Voss, Kinn, Sogndal og Steinkjer. Prosjektgruppa som har vore tverrfagleg samansett, har hatt jamlege drøftingar undervegs i prosjektet knytt til innhaldet som vert presentert i dette kunnskapsgrunnlaget.

Sunnfjord kommune har i mange år hatt ein høg del barn og unge, og dermed eit høgare behov for barnehagar og skular enn det som er vanleg elles i landet. Vi ser no at dette bildet endrar seg. Enkelt forklart viser den demografiske utviklinga for Sunnfjord kommune at tal barn og unge går ned, samtidig som tal eldre går kraftig opp. Det gjer at vi må bruke ressursane på ein annan måte i åra framover, enn vi gjer i dag.

Totalt 69% av kapasiteten ved skulane vert utnytta for skuleåret 23/24. Ved nedlegging av Vevring skule og flytting av Førde barneskule og Førde ungdomsskule vil kapasitetsutnyttinga vere 58% for skuleåret 33/34 og 56% i skuleåret 43/44.

Det som skil Sunnfjord kommune frå samanlikningskommunane er høgt tal ungdomsskular (7 versus 3 eller 4) samt låg gruppestorleik på 8.-10 trinn. Her klarer ein ikkje å ta ut effekten av at vi får færre elevar i ungdomsskulen. Sjølv om elevtalet går ned, vert årstimetallet stabilt, noko som heng saman med fagtilbodet og undervisningsplikta på ungdomssteget. Med omsyn til kvalitetsomgrepet kan likevel mindre gruppestorleikar vere positivt, noko som er stadfesta frå både tilsette og foreldregruppa. Sunnfjord kommune har mange elevar per årsverk til administrative og pedagogiske leiaroppgåver, som indikerer lite innsparingspotensial innan administrasjon og leiing.

Når det gjeld bygg- og eigedomsforvaltning vert det peika på behov for modernisering og omstrukturering av fasilitetar ved fleire av skulane. Eining for bygg og eigedomsforvaltning har identifisert nokre bygg med behov for kritiske tiltak. Dette er Førde barneskule, Slåtten og Viksdalen.

Det er utarbeidd "skuleportrett" for kvar av dei 14 skulane i Sunnfjord med nøkkelinformasjon som f.eks. kapasitet, kapasitetsutnytting og elevtal (NO-situasjon og framskriving). Innhaldet i portretta er i etterkant kvalitetssikra av rektorane.

Dei finansielle nøkkeltala og tenesteanalysen syner at Sunnfjord kommune er i ein utsett og sårbar økonomisk situasjon. Kommunen har moderat til lite økonomisk handlingsrom. Framskrivninga av reduserte inntekter som følgje av nedgang i elevtal, og auka kostnader som følgje av auke i talet på eldre, gir eit tydeleg bilde på kva omstillingsbehov Sunnfjord kommune har.

I tenesteanalyse for kommunen samla er det planlagt ei samla innsparing på 121 mill. kroner og ei omstilling på 84 mill. kroner i perioden 2024 til 2032. Samla for både innsparing og omstilling er det difor anslått til rundt 205 mill. kroner. Denne omstillinga og innsparinga vil òg ha store konsekvensar for Sunnfjordskulen. Samla er det lagt til grunn at Grunnskule skal dekke 70,3 mill. kroner av den totale endringa. Allereie innan 2028 er det lagt til grunn ein

reduksjon innan Sunnfjordskulen på 52 mill. kroner, om lag 60 lærarstillingar. Ei slik endring let seg truleg ikkje gjennomføre utan strukturelle grep.

Tenesteanalysen viser at Sunnfjord kommune allereie i dag har ein kostnadskrevjande struktur samanlikna med andre kommunar. Dette syner at Sunnfjord kommune driv effektivt, for eksempel innanfor spesialundervisning eller undervisning generelt. Utfordringa er at tal elevar i skulen vil falle betydeleg i åra som no kjem og då blir strukturen enda dyrare.

Sunnfjord kommune leverer god kvalitet på tenestene sine, noko vi òg kan sjå i lys av dei nasjonale gjennomsnitta på for eksempel nasjonale prøver, grunnskulepoeng, gjennomføringsgrad i den vidaregåande skulen og skulebidragsindikatorane. Bemanninga har for det meste god og rett kompetanse. Negativ utvikling i søkjartal på lærarutdanningane og utfordringar knytt til rekruttering gjer det nødvendig med eit sterkt fokus på at Sunnfjordskulen skal vere attraktiv som arbeidsplass i framtida både med omsyn til trivsel og fagmiljø. Ei stor utfordring er å oppretthalde kvaliteten i Sunnfjordskulen samtidig som sektoren vert omstilt til eit redusert elevtal.

I det vidare arbeidet må vi kople arbeidet saman med prosjektet *Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen*.

Vurdering

Basert på kunnskapsgrunnlaget, med innspel frå ulike partar, er det vanskeleg å sjå vekk i frå at Sunnfjord kommune må gjere strukturelle endringar i skuletilbodet for å møte den nedadgåande elevtrenden og dei økonomiske utfordringane. Dette kan inkluderes vurdering av nedlegging av skular med låg elevtettleik, endring av kringsgrenser og omdisponering av ressursar for å sikre kvaliteten på undervisninga.

For å sikre ein høg kvalitet på utdanninga og samtidig ha ein berekraftig økonomisk modell, er det viktig å gå vidare med tiltak som er identifiserte i kunnskapsgrunnlaget. Det vil innebere vanskelege, men nødvendige, avgjerder for framtida til Sunnfjordskulen.

Nye opplysningar 17.04.2024:

- Etter innspel i Utval for oppvekst og kultur er skuleportretta oppdatert med opplysning om elevtal skuleåret 28/29, som er det siste året vi har tal på folkeregistrerte barn.
- Det er også lagt ved eit dokument som syner elevtal for kvart skuleår på kvar skule, fordelt på trinn.

Skuleportrettet for Bygstad skule er også justert etter innspel frå Bygstad utvikling. Det vart her kommentert at avstand mellom Bygstad skule og Sande skule bør ta utgangspunkt i ruta skulebussen køyrer, og ikkje om Saltkjelen.

Førde, den 08.04.2024

Terje Heggheim
kommunedirektør

Åge Ansgar Stafsnes
kommunalsjef

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Kommunestyret 25.04.2024:

Tilleggsframlegg frå Sp, fremja av Rune Standnes Hegrenes (Sp):

Kommunedirektøren kjem tilbake med ein planprosess som syner kva tiltak som skal greiast ut og konsekvensvurderast.

Prosjektleiaren Andreas Fonn Macsik innleia med ei orientering om kunnskapsgrunnlaget.

Avstemming:

Formannskapet si innstilling, med Sp sitt tillegg, vart **einstemmig vedteke**

KST-035/24 Vedtak:

Kunnskapsgrunnlaget vert tatt til vitande. Kommunedirektøren vil bedene om å komme tilbake med ei sak som syner potensielle tiltak, både når det gjeld driftsmessige forhold, ressursfordeling og struktur, som kan vere aktuelle å setje i verk for å møte framtidig innsparing og omstilling. Det skal utarbeidast ei konsekvensvurdering av økonomi og kvalitet, knytt til desse tiltaka. Tiltaka skal vere forankra i kunnskapsgrunnlaget.

Potensielle tiltak blir sett i samanheng med prosjektet Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen. Ny skulebruksplan og barnehageplan skal ha felles framdriftsplan og parallelle høyringsrundar.

Kommunedirektøren kjem tilbake med ein planprosess som syner kva tiltak som skal greiast ut og konsekvensvurderast.

Behandling i Formannskapet 19.04.2024:

Avstemming:

Utvalet for oppvekst og kultur si tilråding, med unntak av siste avsnitt, vart **einstemmig tilrådd**

FORM-064/24 Vedtak:

Kunnskapsgrunnlaget vert tatt til vitande. Kommunedirektøren vil bedene om å komme tilbake med ei sak som syner potensielle tiltak, både når det gjeld driftsmessige forhold, ressursfordeling og struktur, som kan vere aktuelle å setje i verk for å møte framtidig innsparing og omstilling. Det skal utarbeidast ei konsekvensvurdering av økonomi og kvalitet, knytt til desse tiltaka. Tiltaka skal vere forankra i kunnskapsgrunnlaget.

Potensielle tiltak blir sett i samanheng med prosjektet Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen. Ny skulebruksplan og barnehageplan skal ha felles framdriftsplan og parallelle høyringsrundar.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 17.04.2024:

Tilleggsforslag frå Venstre, SP, Ap og Høgre, fremja av Åge Avedal (V):

Tilleggs punkt til vedtak (før siste setning i framlagte forslag til vedtak):

Potensielle tiltak blir sett i samanheng med prosjektet Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen. Ny skulebruksplan og barnehageplan skal ha felles framdriftsplan og parallelle høyringsrundar.

Presentasjon ved Andreas Fonn Macsik og Ingvil Flo frå PWC

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart **samrøystes tilrådd**

Felles framlegg til tilleggs punkt frå V, Sp Ap og H vart **samrøystes tilrådd**

UOK-017/24 Vedtak:

Kunnskapsgrunnlaget vert tatt til vitande. Kommunedirektøren vil bedene om å komme tilbake med ei sak som syner potensielle tiltak, både når det gjeld driftsmessige forhold,

ressursfordeling og struktur, som kan vere aktuelle å setje i verk for å møte framtidig innsparring og omstilling. Det skal utarbeidast ei konsekvensvurdering av økonomi og kvalitet, knyt til desse tiltaka. Tiltaka skal vere forankra i kunnskapsgrunnlaget.

Potensielle tiltak blir sett i samanheng med prosjektet Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen. Ny skulebruksplan og barnehageplan skal ha felles framdriftsplan og parallelle høyringsrundar.

Kommunedirektøren kjem tilbake før sommaren med ein planprosess som syner kva tiltak som skal greiast ut og konsekvensvurderast.

Vedlegg i saka:

Kunnskapsgrunnlag - Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen

Vedlegg 1 - Oversikt aktivitetar

Vedlegg 2 - Folketalframskriving - detaljert

Vedlegg 3 - Skuleportrett Bygstad skule

Vedlegg 4 - Skuleportrett Flatene skule

Vedlegg 5 - Skuleportrett Førde barneskule

Vedlegg 6 - Skuleportrett Førde ungdomsskule

Vedlegg 7 - Skuleportrett Halbrend skule

Vedlegg 8 - Skuleportrett Holsen skule

Vedlegg 9 - Skuleportrett Naustdal skule

Vedlegg 10 - Skuleportrett Sande skule

Vedlegg 11 - Skuleportrett Skei skule

Vedlegg 12 - Skuleportrett Slåtten skule

Vedlegg 13 - Skuleportrett Sunde skule

Vedlegg 14 - Skuleportrett Vassenden skule

Vedlegg 15 - Skuleportrett Vevring skule

Vedlegg 16 - Skuleportrett Viksdalen skule

Vedlegg 17 - Elevantvikling alle skular samla

Vedlegg 18 - Utrekning av reduserte kostnader grunna elevantvikling

Vedlegg 19 - Handbok ressursfordeling

Vedlegg 20 - Resultat nasjonale prøvar

Innspel til arbeid med kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen

Innspel til arbeid med kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen

1771180_Skuleportrett Naustdal skule m komm.pdf

1760888_Skuleportrett Skei skule.pdf

1760884_Skuleportrett Vassenden skule_redigert versjon.pdf

Innspel til arbeid med kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen

1684772_Innspel FAU FUSK - Skriveramme.docx

Innspel til arbeid med kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen

1683412_Innspel tilsette - NASK.pdf

1683263_Innspel kapasitet og kvalitet.docx

1683194_Innspel FAU - Slåtten.pdf

Innspel FAU - Vevring

1621884_Innspel FAU - Skriveramme NASK (1).docx

Innspel til arbeid med kunnskapsgrunnlag

1621461_Innspel FAU Sande skule.pdf

Innspel tilsette - Bygstad Skule

1621140_Innspel FAU Flatene Skule.pdf

1621091_Innspel FAU - Halbrend.pdf

1621032_Innspel frå Halbrend skule

1621012_Innspel tilsette FUSK - Skriveramme.docx

Innspel FAU Skei skule

1620729_Innspel frå Utdanningsforbundet og Delta på Flatene skule.pdf

Vedlegg i saka:

Innspel tilsette - Skriveramme

1610373_Innspel FAU Bygstad - Skriveramme.pdf

Innspel frå Viksdalen FAU

1609546_Innspelsnotat - tilsette.docx

1609209_Innspelsnotat til innlevering .docx

1589059_Innspel til arbeidet med Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen. FAU Holsen Skule.pdf

1588808_Innspel frå FAU Sunde Skule .pdf

1578470_Slåttan skule.pdf

1558311_Innspel tilsette - Skriveramme – Kopi – Kopi.pdf

Innspel frå tilsette Skei skule

Innspel frå Vevring

1558084_Innspel tilsette - Skriveramme (5).docx

1558056_Innspel tilsette - Skriveramme.docx

1546747_Innspel tilsette - Kvalitet og kapasitet

Innspel FAU - Skriveramme

Merknad til kvalitet og kompetansen i Sunnfjordskulen frå Bygstad Utvikling

Merknad til kvalitet og kompetansen i Sunnfjordskulen frå Bygstad Utvikling

Vedlegg 21 - Elevtal på kvar enkelt skule - framskrive til 2033-34